

Knarvik 23. september 2017

Lindås kommune
ved Siril Therese Sylta (avdelingsleiar)

Juvikstølen Velforening
ved Ketil Tjore (leiar)

Tilbakemelding vedkomande motteken klage på oppføring av grillhytte - gbnr 185/280 Isdal

Juvikstølen Velforeining har under oppføring ei grillhytte på friområdet ved Orresteinen i Juvikstølen. Til dette arbeidet har kommunen fått ein klage frå ei bebuar i nærområdet, Oddrun R. Skaar (sak 17/25750). Velforeininga er bedt om å kommentera dei momenta Skaar tek opp.

Innleiingsvis vil me visa til at:

Velforeininga har støtte frå Lindås tomteselskap i bruken av friområdet, herunder oppføring av grillhytte, sjå vedlegg 1.

Kommunen har gjeve fritak for søknad for oppføring av grillhytta, sjå vedlegg 2.

Så til punkta Skaar nemner i sitt brev til kommunen:

Det er vanskeleg for meg å vita kven Skaar har snakka med om låsing/ikkje låsing av grillhytta. Ho har i alle fall ikkje vore i kontakt med meg. Det som eg kan seia, er at velforeininga har lista opp nokre krav som grunnlag for vår økonomiske støtte til prosjektet. Dette var oppe i styret i velforeininga den tysdag 13. juni 2017, og dette er punkta me vedtok:

«Velforeininga støttar grillhytteprosjektet med 30.000 kroner, det er 10.000 som er løyvd tidlegare og 20.000 til. Hytta skal stå på fellesområdet, og skal vera til bruk for heile Juvikstølen.

Det vert sett som vilkår for løyvinga:

- At grillhytta vert realisert innan 1. oktober 2017.*
- At det vert etablert eit hyttestyre for grillhytta, med medlemmer både frå dei som bur nærast og styret i velforeininga. Husstyret skal ha ansvar for mellom anna vedlikehald, utarbeiding av bruksreglar, (hytta skal profilerast som familievenleg) fordeling av bruk og nøkkelutlån, søknad om støtte frå ulike gjevarar, med meir.*
- Hytta/området skal merkast med at den/dette høyrer til Juvikstølen Velforeining.*
- At informasjon om bruk, dugnadar med vidare vert gjeve gjennom Facebook-sida til Juvikstølen Velforeining.*

Sams vedteke.»

Noko slikt bruksreglement som er nemnt i vedtaket er så langt ikkje på plass (grillhytta er heller ikkje klar). Det som i alle høve er klart er at hytta skal vera for heile Juvikstølen, og den er også meint å vera tilgjengeleg for dei næraste barnehagane. I den grad hytta vert låst vert det for å avgrensa uønska bruk, i den grad det vert ei aktuell problemstilling. Hytta vert i alle fall ikkje avstengt for bruk for andre enn spesielt utvalde, den skal vera for alle. I den grad låsing vert ein del av

bruksreglementet skal det ikkje strida mot kommunens vilkår om at «*Grillhytta skal vera tilgjengeleg for ålmenta*» dette handlar berre om kven ein eventuelt skal henta nøkkel hjå. Moglegheit for låsing er uansett nærliggande som tiltak for å oppfylla kommunen sitt andre krav om at «*Grillhytta skal ikkje nyttast til overnatting*».

Skaar nemner uro for støy frå grillhytta. Det er ikkje grunnlag for å seia at det vert meir eller mindre lyd frå born som brukar friområdet, hytte eller ikkje. Ikkje all leik er lydlaus, men når eit område er sett av til friområde er det nettopp for at born skal vera sikra eit areal for leik og utforsking.

Skaar nemner uro for auka biltrafikk. Brukarane av denne grillhytta vil nok komma til fots, anten det er barnehageborn på dagtid eller born etter skuletid. Her vert det tilkomst inn på friområdet via dei stiar som alt er etablerte, og som er iht reguleringsplanen for arealet.

Skaar nemner uro for røyk. Grillhytta vil som namnet tilseier ha mulegheit for grilling, men dette er noko det alt er lagt til rette for like ved med ei bålpanne. Det er vanskeleg å sjå at denne grillhytta skal bety at det kjem noko meir røyk som vil merkast annleis enn bålpanne og eventuell vedfyring i husa rundt. Grillhytta ligg heller ikkje i umiddelbar nærleik til Skaar sin bustad, og det er også høgdeforskjell der grillhytta ligg høgare.

Skaar etterlyser nabovarsel. Det er rett at det ikkje er sendt ut nabovarsel konkret om dette prosjektet, dette er følgje av at ein har fått unntak frå byggesøknad. Men at velforeininga har jobba med dette prosjektet er ikkje ukjent i området. Det har mellom anna framgått av dei to siste årsmeldingane/kontingentlappane for Juvikstølen Velforening, som er lagt i postkassane til alle som bur i Juvikstølen, og det er omtala på vår side på Facebook. Og naboar av Skaar har delteke på dugnad i samband med prosjektet. (Medlemskap i Juvikstølen Velforening er frivillig, og det er ikkje alle husstandar som er medlemmer. Men me distribuerer likevel årsmelding med relevant informasjon til alle, slik at det skal vera kjent for dei som bur her kva me jobbar med).

Skaar etterlyser støtte for prosjektet, sitat: «Det bør være enighet om de tiltak man velger å gå for.» Til det er det å seia at det er ei gruppe med naboar som over tid har lagt ned eit stort arbeid for prosjektet og som har skote inn midlar direkte, velforeininga har bidratt økonomisk, og i løpet av seinsommaren er det lagt ned ein imponerende dugnadsinnsats for å gjera arealet klart. Før denne klagen frå Skaar er det ingen som har stilt seg negativ til prosjektet.

Skaar stiller spørsmål ved bruken av friområdet, og meiner borna brukar andre deler av arealet enn der hytta vert liggande. Om dette er det berre å seia at me vonar at borna framleis vil finna glede i heile arealet, og ikkje berre av det som er nærast grillhytta. Men rundt grillhytte-tomta er det no gjort grøftarbeid slik at dette ikkje lengre skal vera ein sump, noko som tidlegare har vore eit hinder for bruk når det er vått, ein ikkje ukjent tilstand på våre kantar. Det er rett at «Ziplinen» ikkje er mykje brukt, det kjem av at den er øydelagt. Denne vert skifta ut i desse dagar.

Eg håpar dette er ei klargjering av dei enkelte punkta Skaar tek opp. Til slutt brukar ho omgrepet «privatisering», her må eg på det sterkaste avvise at grillhytta inneber noko som helst form for privatisering. Kven skulle det så vera privatisering til fordel for? Grillhytta skal vera for alle, og det vert den også. Grillhytta oppfyller elles dei krav kommunen har stilt i brevet om «Fritak for søknad for oppføring av grillhytte på areal avsett til friområde - gbnr 185/280 Isdal».

Mvh

Ketil Tjore

Juvikstølen Velforening (leiar).